

## **Årsmelding 2014 for LOP Midt-Helgeland.**

v/ styreleder Åse Floa Steinrud.

Vi er heldige, atter eit triveleg år i laget vårt, med program som medlemmar har ønska. Vi er no 120 medlemmar.

På årsmøtet i februar fekk vi høyra et radiointervju som Randolph Brattlie hadde hatt med Eli Odden, om å vere husmor under krigen. Alltid fint å høyra på. Årsmøtet gjekk fint, med gjenvalg og god leiing av Turid Mæhre Olsen, som vikarierte for meg. Eg måtte ta ein tidleg ledig plass i Syden saman med Dagfrid. Tusen takk til Turid.

På marsmøtet var det omvisning i det nye svømmebassenget på Kippermoen og "Trim for eldre" v/Anne Marit Almås Marken. Vi fekk og servert kaffe. Veldig fint der oppe.

Aprilmøtet var om Grunnlovsjubileet og Stortingsmenn frå Vefsn. Per Smørvik organiserte det heile og hadde fått med Knut Skorpen, Per Sjøvik og Kristian Halse. Dei hadde fått eit kvarter kvar. Det vart ei fin oppleving å høyra på dei.

På 8.maimøtet tok Randolph Brattlie oss med til frigjeringsdagen i 1945 i Mosjøen, i eit radio-intervju med Vilhelm Hoff Peteren, Ragnvald Tveraa og Halvdan Blåfjell. Ei riktig levandes orientering.

12. juni hadde vi tur til Dønna med buss. Det starta med sol, men vart meir overskya etter kvart. Vi gjesta fleire fine stader. Først den gamle, fine Dønnesgården der vi fekk orientering, omvisning og god mat. Nåverande eigar, Jens Carlsen, tok oss med til kyrkja og ga oss ei veldig fin orientering og omvisning. Karin Fjellheim vart med oss vidare som guide, no til Rølvåg. Der såg vi heimen til, og byste av, forfattaren Ole Edvart Rølvåg. Vi var og på fjellet. Fjellstua var ikkje åpen og utsikten var ikkje god, men vi var der. Etterpå gjekk turen forbi Glein og fallosen. Til slutt enda vi i det oppussa museet Nordvika Gamle Handelssted. Der vart vi delt i to grupper med to som tok seg av oss for omvisning og å sjå på ei utstilling. Dei hadde og baka til vi kom, så vi fekk kaffe og eplekake før vi fór derifrå. Vi syntest vi hadde hatt ein fin dag.

Juni 13-15; Landsmøte i Bergen.

Åse Floa Steinrud møtte som utsending.

Sissel Hope Haugberg møtte som observatør.

Turid Mæhre Olsen vart valgt inn i LOPs Landsstyre (3 år).

Augustmøte i Dambekkhaugen Bygdesamling.

Rønnaug Tuven orienterte oss om Bygdedamlinga og viste oss rundt: Vi fekk og kjøpe kaffe i kafeen. Det var eit riktig fint møte.

Septemberturen var til Hildurs Urterarium og til Forvik Kaffe-brenneri. Vi fekk ein artig tur med koseleg sjåfør og interessante stader å kome til. På Hildurs Urterarium har eg vore før, men like triveleg å kome på nytt. Forvik Kaffe-brenneri var nytt for oss, men var riktig artig å få oppleve. Alle hadde nok ein kaffepose heim med seg.

Oktobermøtet: Litteratur.

Kristian Halse tok for seg Johan Sebastian Welhaven, hans liv og diktning. Alltid kjempeflink!

Novembermøte: Utstilling av forkle og gryteklutar.

Randi Einrem hadde forkleutstilling saman med Tone Kvien. Det var over 40 forkle. Randi fortalte levande om bruk av dei og Tone viste. Åse stilla ut over 30 gryteklutar.

November 27. Rana LOP 10 års jubileums- og julemøte.

Vi var invitert. Åse Floa S. representerte oss.

Desember: Julelunsj på Fru Haugans Hotel med 60 gjestar.

Tove Wika leda på ein fin og stilig måte. Fin musikk som vanleg ved Sjalg Wika og Svein Daleng. Fint åpningsdikt ved Inger Marken. Kristian Halse tok oss med i sin litteratur. Julesongar og god mat.

Januar-møte: Invitert til Helgeland Sparebank.

Varm lunsj og orientering v/Ragnhild Forshaug. Så idédugnad. Med over 30 framlegg.

Til slutt: Tusen takk til eit fantastisk styre og godt samarbeid, og til alle medleamar for all velvilje når vi i styret treng assistanse.

27.01.2015 Åse